

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Høyringsfråsegn: Traudalen Kraftverk AS – Søknad om bygging av Traudalen kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane**

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 17.12.2015, til konsesjonssøknaden m/vedlegg, og til NVE sitt folkemøte om denne og 7 andre saker i Runnevang på Sørstranda 03.02.2016. Høyringsfråsegna vår er basert på søknaden med vedlegg, info henta via nettet, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om området.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.sftur.no/](http://www.sftur.no/)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal v/siste årsskifte: 6.437. Traudalen kraftverk ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <https://mnt.dnt.no/>.

### **Om friluftsliv i det aktuelle området:**

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er eit regionalt og nasjonalt viktig friluftsområde som er mykje brukt. Inntaket er planlagt litt over 500 m nord for verneområdegrensa, slik at avstanden her er større enn for det konsesjonssøkte Langedalen kraftverk i det same verna vassdraget. Inntaket er planlagt plassert kloss ved, og oppstrøms, Ryggjastøylen. Stølsområdet vert dermed sterkt negativt påverka i anleggsperioden, og i mindre grad påverka i driftsperioden, som følgje av utbygginga. For info om mellom anna Ryggjastøylen, sjå det vedlagde utdraget av «Stølsnotatet», som vart laga som del av prosjektarbeidet før etableringa av Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Frå nord er Traudalen ein av dei viktigaste «inngangsportane» til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Sjølve dalen er eit attraktivt friluftsområde, med stor opplevingsverdi, og med mellom anna godt fiske i Traudalsvatnet og i Instevatnet lenger sør. Det er turruter på begge sider av Traudalsvatnet. Ved sørenden av vatnet er eitt av turmåla stølen Dalen, eller Dalsbøen. Det går også ei viktig og veldig flott turrute vidare sørover til Gjengedalsstøylen i Hyen.

Som det går fram av konsesjonssøknaden, er også området nord for verneområdet/Ryggjastøylen eit viktig og mykje brukt friluftsområde, særleg som nærfriluftsområde. Og den gamle hellelagde stølsstien til Ryggjastøylen er velkjend langt utafor Gloppen kommune sine grenser.

Området er veileigna og mykje brukt til ei rekkje typar friluftsliv, både fotturar, fiske, bading, bær- og sopplukking etc.

Sjølv om dei største friluftinteressene er knytte til den delen av vassdraget som ligg oppstrøms inntaket, vil det også vere ein del konfliktar med friluftsliv på utbyggingsstrekninga. Dette gjeld både inntaksområdet og dei to alternative røyrgatetraseane. Vi er pr. i dag noko i tvil om storleiken på desse konfliktane, og vil vurdere dette nærare i tilknyting til/like etter NVE si sluttsynfaring.



## **Kommentarar til utbyggingsplanane:**

**2.1 Hovuddata Traudalen kraftverk:** Ved bygging av minikraftverk i eit verna vassdrag bør ikkje slukevna overstige 25% av middelvassføringa. I dette tilfellet er slukevna 25,5%, og altså heilt i grenseland for det som er akseptabelt. Viss utbyggingsalternativ 2 blir valt, kan vassuttaket bli enda litt høgere, og større enn det akseptable.

**Om minstevassføringa:** Den omsøkte minstevassføringa på 500 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren tilsvarar 5-persentilane, er det opplyst. Dette tilsvarar det som er dei vanlege minstevassføringane for småkraftverk i dag. Ettersom dette gjeld utbygging i eit verna vassdrag, meiner vi at minstevassføringane bør aukast ytterlegare for å ta enda betre vare på dei ulike verdiane i vassdraget. Vårt framlegg er 750 l/s om sommaren og 150 l/s om vinteren. Ettersom slukevna berre er litt over 25% av middelvassføringa, vil ein slik 50% auke i minstevassføringa ha nokså lite å seie for den samla kraftproduksjonen, men den vil forbetre vassføringa i elva i tørre periodar.

**2.2.4 Inntak:** Det er positivt at inntaket er lagt slik at badehølen ikkje vert påverka. Det negative er at inntaket (og dermed også den øvste delen av rørgata,) kjem så nær Ryggjastøylen. Særleg i byggeperioden vil (delar av) stølen og nærområdet til den, bli sterkt negativt påverka av anleggsarbeidet. Viss det blir utbygging, er det viktig at det blir gjort «ekstra pent arbeid», slik at den varige negative påverknaden på stølen/stølsområdet vert så liten som råd. Viss ja til konsesjon, ber vi NVE om å stille krav om at det i detaljplanen vert lagt ekstra stor vekt på dette for denne konkrete utbygginga.

**2.2.5 Vassveg:** Ettersom vi ikkje har synfare rørgatetraseen, har vi ikkje grunnlag for å kome med gode merknader til den. Unntak: Av kartet ser vi at det er heilt klårt at stølen/nærområdet til den vil bli sterkt negativt påverka i anleggsperioden. Sjå omtalen av punkt 2.2.4. Det er sterkt ønskjeleg at anleggsarbeidet i akkurat dette området vert lagt til ei tid på året då det er lite bruk av stølen, og at det blir skapt minst moglege hindringar for trafikken inn til Traudalsvatnet. Viss tilkomsten til parkeringsplassen vert hindra, bør det etablerast ein mindre reserveparkeringsplass lenger nede. For trafikk til fots, må det skiltast ein alternativ trase viss dagens trase skulle bli sperra i ein periode. Vi tek atterhald om at vi kanskje kan kome med tilleggsmerknader etter NVE si sluttsynfaring.

**2.2.6 Kraftstasjonen:** Vi har pr. i dag ikkje spesielle merknader til plasseringa og utforminga av kraftstasjonen. Men **vi ber NVE om å gjere ei grundig vurdering av trongen for omløpsventil.** Både denne utbygginga og Langedalselva kraftverk må sjåast i samheng i denne vurderinga. Våre synspunkt/vurderingar:

Særleg av omsyn til fisken på den anadrome strekkinga som startar kloss nedanfor dei 3 planlagde kraftstasjonane i vassdraget, er det viktig å unngå brå og kraftige fall i vassføringa. Viss det blir stopp i alle dei 3 kraftstasjonane samstundes, og vassføringa er «den rette», kan det bli kritisk for fisken på den anadrome strekkinga. «Den rette» vassføringa for at det skal bli størst problem, er ei vassføring ved inntaka som er lik maksimal slukevne i kraftstasjonane + minstevassføringa.

Ein av dei viktigaste grunnane til bråstopp i ein kraftstasjon er - etter det vi kjenner til - feil på linja som fører krafta ut. Krafta frå alle dei 3 kraftstasjonane i dette vassdraget skal matast ut på ei felles 22 kV-linje. Det betyr at viss det blir feil på denne linja, så vil alle dei 3 kraftstasjonane bråstoppe samstundes. Då kan det bli store problem for fisken nedstrøms i elva. Vår vurdering er då at viss NVE skulle gie konsesjon til bygging av både Traudalen kraftverk og Langedalselva kraftverk, så må det krevjast installering av omløpsventil i **begge** desse kraftverka for å sikre at fisken på den anadrome strekkinga ikkje får problem. Viss det derimot skulle bli gitt konsesjon til berre eitt av dei to kraftverka, vil det truleg ikkje bli turvande med omløpsventil i det kraftverket, fordi vassføringa i den ikkje utbygde delen av elva då vil vere stor nok til å unngå for store problem for fisken.

**2.2.8 Vegbygging:** Vi har ikkje store merknadar til planane om vegbygging, men: Ved utbygging etter Alternativ 1 vil det vere trong for ein permanent veg fram til kraftstasjonen. Ved utbygging etter Alternativ 2, vil den same vegen berre bli brukt i samband med legging av avlaupsrøyr frå kraftstasjonen til elva. Då vert det ikkje trong for bygging av ein permanent bilveg ned til elva. Viss det skulle bli gitt konsesjon til utbygging etter Alternativ 2, ber vi NVE om enten å krevje at vegen vert fjerna heilt, eller at den vert omgjort til køyresterkt terreng, etter utbygginga.

**2.2.10 Nettilknytning:** Det ville vere sterkt ønskjeleg at nettilknytninga for eit eventuelt Traudalen kraftverk, skjer via jordkabel for begge utbyggingsalternativa. Vi ser at kryssing av elva med ein jordkabel kan vere utfordrande, og vi ber NVE vurdere aktuelle alternative løysingar. Kan ein jordkabel hengast opp i stolpar ved kryssing av elva? (Mest aktuelt for Alternativ 2, der resten av kabelen då vert nedgraven.) Viss tradisjonell luftlinje skulle bli brukt, ber vi NVE sette krav om at dei straumførande linene vert isolerte for å redusere faren for at mellom anna rovfuglar vert drepane.

**2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket:** «Forbetring av vegsystem og tilgjenge til turområdet» er omtala som ein fordel for lokalsamfunnet. Denne påstanden vil vi avvise for denne utbygginga, fordi både vegsystemet og tilgjenget er fullt ut tilfredsstillande alt i dag. Derimot er det ingen tvil om at det blir ulemper for tilgjenget i anleggsperioden. Storleiken på desse ulempene er avhengig av kor godt arbeidet blir planlagt og gjennomført, og av kva avbøtande tiltak som vert iverksette.

**2.6 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar – Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde:** I samband med arbeidet med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, vart det også laga ein fylkesdelplan for stølsdalane i nærområdet til verneområdet. Denne fylkesdelplanen skulle sikre at det ikkje vart gjort for store inngrep i dei aktuelle stølsdalane, som alle er viktige «inngangsportar» til verneområdet. Eksistensen av denne fylkesdelplanen vart brukt som eit viktig argument for å redusere storleiken på verneområdet. Randsonene til verneområdet skulle i staden sikrast mot uheldige inngrep gjennom fylkesdelplanen. Både Traudalen kraftverk, Langedalselva kraftverk og Breidalselva kraftverk ligg inne i eitt av områda for fylkesdelplanen, sjå vedlagde kopi av kart, der grensene er markerte med raudt. (NB! I den endelege godkjenninga av planen i Fylkestinget, vart dei nøyaktige kartfesta grensene fjerna, og omgjort til noko meir «diffust». Men planen vart vedteken av Fylkestinget for alle dei kartfesta stølsdalane, men med meir «fleksible» grenser.)

Etter at Fylkesdelplanen for stølsdalane/randsonene vart vedteken, har den dessverre vorte «gløymd» av både Sogn og Fjordane fylkeskommune, Gloppen kommune og til dels også av Fylkesmannen. Vi håpar at ikkje også NVE «gløymer» eksistensen av denne vedtekte Fylkesdelplanen, men avgrensar ytterlegare inngrep i dei 7 dalane som planen omfattar, sjå kartet. Vi ber derfor NVE om å vere kritiske til å gje fleire konsesjonar inne i desse randsonene til landskapsvernområdet. I det av desse områda som Traudalen kraftverk ligg i, er det etter vårt syn nok med et eine kraftverket som no er under bygging, og det bør i alle fall ikkje vere meir enn to. D.v.s. at enten Langedalselva kraftverk eller Traudalen kraftverk bør få avslag på konsesjonssøknaden.

### **Kommentarar til verknadane av utbygginga:**

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

**3.1 Hydrologi:** På utbyggingsstrekninga tek ei lita sideelv – Vetleelva – av frå hovudelva og går forbi gardane på Grov. Det er opplyst at Vetleelva vert brukt til vassforsyning. Vi ber NVE vurdere å krevje tilleggsopplysningar om korleis denne sideelva vil verte påverka av utbygginga.

**3.5 Raudlisteartar:** Vi konstaterer av det er observert fleire artar rovfuglar i området. Særleg den sterkt trua hubroen er utsett for stor risiko frå 22 kV kraftlinjer. Vi oppmodar NVE sterkt om å stille

strengt krav til linjebygginga (isolering av linene eller liknande) for å verne hubroen og andre aktuelle fugleartar. Dette gjeld både ei eventuell luftlinje frå Traudalen kraftverk, og den felles linja som skal forsterkast for å ta mot straumen frå alle kraftverka som er planlagde i området. Viss verne-tiltaka for fuglen vert gjennomførde som del av det forsterkingsarbeidet som uansett må gjennomførast, reknar vi med at meirkostnaden vert relativt låg.

**3.6 Terrestrisk miljø:** Vi konstaterer at det er ein del konflikhtar med raudlisteartar, og at det er både bekkekløfter og fosserøyksoner i elva. Frå vår side har vi ikkje fagkunnskap til å vurdere konfliktnivået på ein god nok måte. Vi reknar med at Fylkesmannen og NVE gjer den vurderinga. Frå vår side har vi tidlegare i fråsegna kome med framlegg om auke i minstevassføringane. Dette vil redusere konfliktnivået når det gjeld bekkekløfter og fosserøyksoner.

**3.7 Akvatisk miljø:** Vi viser til det vi har skrive om trongen for omløpsventil tidlegare i fråsegna.

**3.14 Brukarinteresser:** Vi viser til det vi har skrive på side 1 i fråsegna. Det som står i punkt 3.14 stemmer godt med det inntrykket vi har. Det gleder oss at den gamle trappestigen frå Grov til Ryggjastøylen framleis vert mykje brukt, og at den ikkje vert påverka av utbygginga. Utbygginga vil heilt klårt vere i konflikt med friluftssinteressene, særleg i anleggsperioden. For driftsperioden for kraftverket er vi i tvil om den negative verknaden av utbygginga er stor nok til at den aleine er grunn god nok til å gå mot utbygginga. Dette vil vi vurdere nærare under/etter NVE si sluttsynfaring.

I punkt 3.19 Samla vurdering vert det hevda at utbygginga vil gje Liten positiv verknad for brukarinteressene. Dette vil vi fullstendig avvise! Vi kan ikkje sjå at utbygginga gir nokon positive verknader for brukarinteressene. I beste fall vert verknaden Liten negativ!

**3.20 Samla belastning:** Samla belastning for denne utbygginga kan vurderast på fleire nivå:

1. Samla belastning i Gloppen kommune: Det er alt bygd og gitt konsesjon til eit stort tal utbyggingar i Gloppen kommune. (NVE har oversikten, så vi spesifiserer ikkje det.) Vidare er det no under konsesjonshandsaming i NVE 12 nye småkraftverk, fleire av dei konfliktfylte, og 2 store og svært konfliktfylte kraftverk: Breim kraftverk og Gjengedal kraftverk. For å redusere den samla negative belastninga av alle utbyggingane, bør begge dei store (for Breim gjeld det spesielt det primært omsøkte utbyggingsalternativet) og nokre av dei små utbyggingane få avslag.
2. Samla belastning på «inngangsportane» til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde: Det er alt bygd og gitt konsesjon til ei rekkje kraftverk i «inngangsportane» til verneområdet, og det er under konsesjonshandsaming fleire småkraftverk og eitt stort (Gjengedal kraftverk) i desse «inngangsportane». Det er klårt av den samla belastninga er i ferd med å bli for stor, og at dette er med på å redusere verdien av verneområdet. Både det store Gjengedal kraftverk og nokre av dei små, bør få avslag.
3. Samla belastning på Sørstrandaområdet ved Gløppefjorden: I eit avgrensa område er det no i drift eitt kraftverk, eitt er under bygging, og 5 nye (inkl. dette) er under konsesjonshandsaming. Dette er for mykje, og 2 – 3 av dei mest konfliktfylte kraftverka bør få avslag.
4. Samla belastning på den verna Ryggelva. Utbygging av alle dei 3 hovuddelane av Ryggelva er for mykje. Minst eitt av dei to utbyggingane som no er under konsesjonshandsaming, bør få avslag. Viss ikkje, vil elva langt på veg misse sin verdi som type- og referansevassdrag.

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:**

Sogn og Fjordane Turlag er kritiske til at det blir gitt løyve til bygging av Traudalen kraftverk. Grunnen til dette er først og fremst ulike sider av samla utbyggingsbelastning i området. (Konflikten

med friluftinteressene er truleg ikkje – isolert sett – stor nok til at vi vil seie nei.) Den verna Ryggelva bør helst ikkje få meir enn eitt kraftverk, og i alle fall ikkje meir enn to, viss ikkje verneverdiane skal bli skadelidande. Det betyr at enten Langedalselva kraftverk eller Traudalen kraftverk (eller begge) bør få avslag. Slik vi akkurat no vurderer det, er konflikten med verneverdiane størst for Langedalselva kraftverk fordi det prosentvise vassuttaket der er størst. Men vi er usikre på denne vurderinga, og vil sjå nærare på den i samband med/like etter NVE si sluttsynfaring.

Frå nord er Ryggelva samla sett den klårt viktigaste «inngangsporten» til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Både Langedalen, Breidalen og Traudalen er viktige «del-inngangsportar» langs Ryggelva. Alle er viktige, men etter den kunnskapen vi har no, er Traudalen den aller viktigaste av dei tre. Vi meiner at minst ein av dei tre «del-inngangsportane» langs Ryggelva bør vere kraftutbyggingsfri. Dette vil også vere med på å redusere den samla kraftutbyggingsbelastninga på alle «inngangsportane» til verneområdet, både i Gloppen kommune og totalt sett for alle dei 4 kommunane i verneområdet.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05/ 918 22 864, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)